

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/3360-9

Forvaltningsrevisjon av innkjøp - oppfølging av vedtak i FT-sak 28/13

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 13.2.2015 frå fylkesrådmannen til vitande.
1. Kontrollutvalet vurderer oppfølging av vedtak i FT-sak 28/13 som ferdig.

Vedlegg:

- Statusrapport frå innkjøpssjefen datert 26.2.2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Forvaltningsrevisjon av innkjøp vart gjennomført i 2013, og rapporten vart lagt fram til fylkestinget 15.10.13 i FT-sak 28/13. Fylkestinget gjorde dette vedtaket:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.

Tilrådingane i kapittel 5 i rapporten:

Revisor tilrår at fylkeskommunen:

- 1) klargjer roller og ansvar knytt til innkjøpsarbeidet i einingar og avdelingar
- 2) utarbeider tydelege krav til arkivering av informasjon knytt til innkjøp
- 3) vidareutviklar gjeldande prosedyreverk for innkjøp med særleg fokus på følgjande område
 - a) roller og ansvar i innkjøpsarbeidet
 - b) berekning av anslått verdi
 - c) arkivering av dokumentasjon
 - d) kontraktsoppfølging
- 4) vurderer om det er tenleg å gjere endringar knytt til strukturering av informasjonen i innkjøpshandboka
- 5) syter for at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring i innkjøp for einingsleiarar og tilsette som arbeider med innkjøp
- 6) innfører system/kontrollaktivitetar som sikrar betre oversyn og oppfølging av innkjøp som skjer utan innkjøpstenesta si involvering. Dette gjeld både å sikre at innkjøp under

- 500 000,- vert gjennomførte i samsvar med fylkeskommunen sine retningslinjer, og å sikre at innkjøpstenesta vert involvert i innkjøp som har verdi over 500 000,-.
- 7) vurderer om det er tenleg å ta i bruk elektroniske system som sikrar meir fullstendig oversyn over gjeldande kontraktar
 - 8) vurderer å utarbeide indikatorar knytte til innkjøpsarbeidet som kan fange opp måla til innkjøpstenesta (som ein del av arbeidet med balansert målstyring)
 - 9) gjennomgår gjeldande avtalar om konsulenttenester der revisjonen har påpeikt avvik, og syter for at desse kjøpa vert gjennomførde i samsvar med regelverket

Kontrollutvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen første gang 12.05.14 med oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Fylkesrådmannen v/innkjøpssjefen viste at det var gjort eit godt arbeid med oppfølging av rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon, men at det likevel stod igjen ein del oppfølgingspunkt. Kontrollutvalet vedtok 27.05.14 i KU-sak 23/14 å be om ny rapport innan 1. oktober 2014.

Ny oppfølgingsrapport vart motteken 19.10.2014. Trass i omfattande arbeid med oppfølging av rapporten, var det tiltak som framleis ikkje var ferdig oppfølgde. Kontrollutvalet vedtok å be om ny rapport innan 15.1.2015.

Medio januar hadde kontrollsjefen kontakt med innkjøpssjefen for å få ein status på arbeidet. Det var semje om at det ville vere lurt å utsette fristen for rapportering til slutten av februar, fordi det på det tidspunktet ville vere ei forventning om at alle tilrådingane kunne vere ferdig oppfølgde.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet v/kontrollsjefen mottok e-post frå innkjøpssjefen 26.2.2015 med ny status på oppfølginga. I eposten skriv innkjøpssjefen at alle tiltaka er lukka.

Status i rapporten 26.2.2015:

1. Tilrådinga er rapportert ferdig oppfølgt ved at:
 - a. Presisering av innkjøpsrutinar i oppdragsbrev/ansvarsbrev 2014 og 2015
 - b. Utarbeiding av retningslinjer for einskildkjøp under kr. 500 000 er publisert på nettside desember 2014, og vil kome på ny heimeside når den vert klar.
 - c. Opplæring i regelverket for offentlege innkjøp var gjennomført tidleg i 2014. Plan for opplæring ang. e-handelprosjektet i løpet av 2015 – prosjektet planlagt ferdig innan 1.1.2016.
2. Tilrådinga er rapportert ferdig oppfølgt ved at:
 - a. Konkurransgjennomføringsverktøy (KGV) er vurdert, og prosess for kjøp av verktøy er starta. Planlagt operativt i løpet av 2015.
 - b. Prosedyre for prosessane for innkjøp er publisert på nettsida desember 2014, og intern sjekklisse for innkjøp er ferdigstilt januar 2015. Denne vil også kome på heimesida.
3. Dekka av punkt 1 og 2. Det er innført opplegg for å systematisk lagre melde avvik i eksisterande system . Det vert vurdert eit enklare opplegg for å melde avvik ved innføring av ny nettside i 2015.
4. Tilrådinga er rapportert ferdig oppfølgt ved at ajourførde prosedyrar er publisert på nettsida. Ny teknisk plattform ved kjøp av KGV-verktøy som nemnt i pkt. 2.
5. Tilrådinga er rapportert ferdig oppfølgt. Opplæring gjennomført vinteren 2014. Innkjøpssjefen har utarbeidd plan for ytterlegare opplæring i det innkjøpsfaglege arbeidet.
6. Tilrådinga er rapportert ferdig oppfølgt ved at ansvarsbrev for 2015 er oppdatert til også å inkludere kontrollaktivitet av kjøp over kr. 100 000. Ein årleg rapport med nøkkeltal for innkjøpstenesta vert utarbeidd saman med LOR. Rapporten vil bli lagt fram for leiargruppa, og store deler av rapporten er med i årsrapporten.
7. Vist til punkt 2 ovanfor vedr. KGV-verktøy.
8. Tilrådinga er rapportert ferdig oppfølgt ved at innkjøpssjefen har vurdert at innkjøpstenesta førebels ikkje skal ha målekart. Innkjøpssjefen produserer i staden ein

rapport med nøkkeltal for innkjøp, både når det gjeld statistikk og lojalitet. Bruk av målekart vil bli vurdert på nytt saman med fylkesrådmannsstaben.

9. Tilrådinga er rapportert som ferdig oppfølgt ved at det har vore kontakt med skulane dette gjaldt, som har lukka avvika.

Kontrollsjefen vurderer tilrådingane frå revisor i rapporten etter forvaltningsrevisjon av innkjøp som ferdig oppfølgt. Det er viktig å få på plass rutinar både når det gjeld sjølve innkjøpa og kontrollaktiviteter i samband med innkjøp som vil resultere i at reglane for offentleg anskaffingar vert fullstendig følgt. Dette vil også vere med å sikre at fylkeskommunen har tryggleik i innkjøpa framover.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å konkludere med at vedtaket i FT-sak 28/13 er ferdig oppfølgt.